



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Eva Katrine Taule, 55 57 22 26

Vår dato  
18.06.2007  
Dykkar dato  
18.06.2007

Vår referanse  
2006/12404 421.0  
Dykkar referanse

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

|                              |       |
|------------------------------|-------|
| OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET |       |
| 06' 01219- 46                |       |
| DATO - 4 SEPT, 2007          |       |
| AN 586                       | EKSP. |

### Uttale til høring av forslag til Veileder for regionale planer for vindkraft


Vi viser til Dykkar brev av 18.06.2007 med framlegg til "Veileder for regionale planer for vindkraft".


Fylkesmannen i Hordaland ser svært positivt på utarbeidinga av rettleiar for regionale planar for vindkraft. Vi meiner at rettleiaren og Retningslinene for planlegging og lokalisering av vindkraft vil gje eit godt grunnlag for utarbeiding av regionale planar for dette temaet og dermed bidra til meir heilskapleg og føreseieleg handsaming av konsesjonssaker.

Framlegget til rettleiar er oversiktleg og greitt inndelt i tema. Vi er særleg nøgde med temaet landskap som har vore vanskeleg å konkretisera. Metodikken i rettleiaren gjør arbeidet med landskapsvurderingar enklare.

I Hordaland er vindkraft svært aktuelt. Fylkestinget vedtok Fylkesdelplan for vindkraft 12.12.2001. Fleire av fagtema er tydeleggjort og utvikla i retningslinene og rettleiaren i høve til den vedtekne planen. Dette gjør at fylkesdelplanen ikkje har vore fullt ut brukbar ved handsaming av konsesjonssaker for nye vindkraftanlegg. Dette gjeld særleg for landskapstemaet. Fylkesmannen oppmodar difor Hordaland fylkeskommune til å nytte høve til å revidera Fylkesdelplan for vindkraft i samsvar med nye retningsliner for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg og rettleiar for regionale planar for vindkraft.

Med helsing

  
Terje Aasen e.f.  
Fylkesmiljøvern sjef

  
Eva Katrine R. Taule  
Plankoordinator

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Avd for regional utvikling